

SKODJE KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKLALLING

20.09.2017

Kopi til: Ordførar
Rådmann
Revisor

Medlemmane av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SKODJE KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

onsdag 20.09.2017 kl. 16.30 på
Skodje Rådhus

SAKLISTE:

- Sak 17/17 - Godkjenning av møtebok frå møte 29.05.2017
- « 18/17 - Datatilsynet – varsel om vedtak til Skodje kommune, B-sak
- « 19/17 - Vedkomande budsjett 2018 Skodje kontrollutval
Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 45 91 48 52 til dagleg leiar eller e-post harald.rogne@skiks.no.

Rolf Liebich
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
SKODJE KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 29.05.2017, kl. 16.30

Møtestad: Skodje rådhus

Møtet vart leia av Rolf Liebich.

Elles til stades: Inge Øye, Janne Gommesen, Pål Aarsæther og Arnstein Sæthre

= **5 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå kommunen møtte ordførar Dag Olav Tennfjord, rådmann Bente Glomset Vikhagen og økonomisjef Lars Fylling.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Det vart meldt inn to ekstrasaker.

**SAK 12/17
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 03.05.2017**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 03.05.2017 blir godkjent.

**SAK 13/17
ÅRSMELDING 2016 – SKODJE KOMMUNE**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 19.05.2017

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2016 for Skodje kommune til orientering.

**SAK 14/17
KOMMUNEREKNESKAPEN 2016 – SKODJE KOMMUNE**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 19.05.2017

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

Skodje kommune sin rekneskap for 2016 blir godkjent.

SAK 15/17

ANONYMT BREV MED PÅSTANDAR KNYTT TIL KJØP AV TENESTER I SKODJE KOMMUNE, JF. SAK 11/17 (Saka kom opp under eventuelt)

Brevet vart gjennomgått og drøfta og rådmannen orienterte..

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 16/17

E-POST DATERT 19.05.2017 FRÅ LIV SERINE HELGESEN

E-posten vart drøfta i møtet.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Kontrollutvalet ser ikke at temaet som er omhandla i e-posten er ei sak for kontrollutvalet.

Nestleiar Inge Øye røysta i mot.

Rolf Liebich
leiар
(sign.)

Inge Øye
nestleiar
(sign)

Janne Gommesen
medlem
(sign.)

Pål Aarsæther
medlem
(sign.)

Arnstein Sæthre
varamedlem
(sign)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Skodje kommune

Dato: 20.09.2017

**SAK 19/17
VEDKOMANDE BUDSJETT 2018 SKODJE KONTROLLUTVAL**

I medhald av § 18 i forskrift om kontrollutval skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet i kommunen skal følge formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Ettersom kommunen sitt kontrollutvalsekretariat og kommunerevisjonen er interkommunale selskap der selskapene sine budsjett blir vedteke av selskapene sine respektive representantskap, vil utgiftene i denne saka berre omfatte Skodje kontrollutval sine lokale utgifter. Desse utgiftene bør saman med dei utgiftene som er nemnt ovanfor leggast i det samla budsjettet for kommunen sitt kontroll- og tilsynsarbeid.

Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste til kontrollutvalet vil vere ein del av kommunen si godtgjersle til folkevalde og blir ikkje omfatta i denne spesifikke saka og bygg på satsar vedtekne i Skodje kommune. Dette budsjettoppsettet derimot vil omfatte kurs og opplæringsutgifter samt reiseutgifter knytt til desse.

Det er viktig at kontrollutvalet får halde seg ajour kunnskapsmessig. Nyten av å treffe kontrollutval i andre kommunar og fagmiljø er stor og kursaktiviteten er moderat. Den viktigaste samlinga er den årlege kontrollutvalkonferansen. I tillegg kan det bli andre samlingar. Særleg kontrollutvalkonferansen er av ein slik kvalitet og har ein so stor informasjonsverdi at heile utvalet bør delta.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet sitt budsjett til kurs og reiseaktivitet for 2018 blir sett til kr 25.000,00.

Harald Rogne
dagleg leiar